

**DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT**

Finansdepartementet  
Postboks 8008 Dep  
0030 OSLO

08 6052-19

Dykkar ref.  
08/6052 SL KTV/KR

Vår ref.  
201011967- /NNO

Dato  
01.02.2011

### **Høyring - Saksbehandlingsreglar ved utskriving av eigedomsskatt**

Vi viser til Finansdepartementet sitt brev av 15. november 2010 med vedlegg.

Justisdepartementet har følgjande merknader:

Paragrafnumra § 8 A og § 8 A-1 til § 8 A-4 (mellom §§ 8 og 9) i eigedomsskattelova er spesielle og noko forvirrande. Vi tilrår at ein no, når det skal gjennomførast ein revisjon av lova, nyttar høvet til å fjerne denne spesielle nummereringa (og heller ikkje innfører ei tilsvarande paragrafrekkje § 8 B og § 8 B-1 til § 8 B-4). Ei ny, vanleg nummerering vil gje ein enklare og meir brukarvenleg struktur. Behovet for overskrifter kan varetakast gjennom den vanlege paragrafinndelinga eller ved å endre kapittelinnndelinga. Så vidt vi kan sjå, stemmer det dessutan ikkje at § 8 A blir ny § 8 B; etter framlegget skal ny § 8 B ha ein annan ordlyd.

I utkastet til eigedomsskattelova § 17 femte ledd heiter det at dersom det er skrivi ut eigedomsskatt i strid med lova eller det er skrivi ut for høg skatt, "kan" denne utskrivinga rettast innan 3 år. Som det er påpeika i høyringsnotatet, vil det i nokre tilfelle vere plikt til å rette slike vedtak. Ein bør vurdere om det skal gå fram av lovteksten at det kan vere ei slik plikt.

Vi er usikre på om det er den beste løysinga at fristen for å klage på utskriven eigedomsskatt skal løpe frå utskrivinga av eigedomsskatt, slik det ligg i utkastet til § 19 fyrste ledd. Sendingar kan bli forsinka, og for skattytarane vil det vere ein tryggleik å kunne halde seg til ein klagefrist som reknast frå det tidspunktet dei mottek skattesetelen.

Postadresse  
Postboks 8005 Dep  
0030 Oslo

Kontoradresse  
Akersg. 42

Telefon - Sentralbord  
22 24 90 90  
Org. nr.: 972 417 831


Plan- og  
administrasjonsavdelinga  
Telefaks  
22 24 95 34


Saksbehandlar  
Nina Helene Norby  
22 24 52 65

Vi ser ikkje at det kjem godt til uttrykk i utkastet til endringar i eigedomsskattelova § 19 at klage over verdien som er sett på eigedommen kan fremjast også seinare enn det året takseringa blir gjennomført, slik klageretten er utgreidd i siste del av punkt 5.3.3 i høyringsnotatet. Det kjem difor heller ikkje tydeleg fram at ein ikkje kan fremje ny klage over taksten i eit seinare år (utanom der det ligg føre ein ny takst eller det blir klaga på eit anna grunnlag).

I proposisjonen bør ein få tydeleg fram kva som ligg i at fylkesmannen ikkje kan overprøve det frie skjønnnet til kommunen, jf. utkastet til § 20 fyrste ledd andre punktum.

Med helsing

  
Harald Aass  
fagdirektør

  
Nina Helene Norby  
førstekonsulent